



Karmøy kommune
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Atle Aasberg Hellumbråten, 51 56 87 47

Foryngelseskontrollen i Rogaland 2023

Kommunane skal årleg gjennomføra kontroll og kartlegging av investeringane i skogsektoren. I foryngingskontrollen skal kommunane følgje opp foryngingsplikta etter skogbrukslova. Kontrollen gjeld tre år gamle hogstfelt og fristen for forynging etter skogbrukslova er dermed gått ut.

Me minnar om at Foryngingskontrollen ikkje må forvekslast med Resultatkartlegginga. Brev om resultatkartlegginga blei sendt til kommunane 26. juni 2023. Dei to kontrollane følgjer ulik metodikk og sakshandsaming. Enkelte felt kan vere trekt ut til begge kontrollane. Det kan de sjå i ØKS > Kontroll > Foryngelse.

Manglande forynging etter hogst får politisk merksemd, og overordna skogstyresmakter stiller strenge krav til kontroll og oppfølging. Spesielt på høg bonitet er det nødvendige å sette i gong tiltak raskt, og kommunen må ha system for å følgje opp felta og foryngingsplikta.

Oppfølging av tidlegare kontrollar

Kommunane har vore gode til å følgje opp kontrollen dei siste åra. Det ligg likevel felt frå tidlegare år som ikkje er starta på eller avslutta i ØKS. Landbruksdirektoratet og Statsforvaltaren oppmodar om å følgje opp og avslutte desse felta. De finn oversikt i ØKS > Kontroll > Foryngelse > vel årstal.

Felt trekt ut til foryngingskontroll 2023

I Rogaland er det trekt ut 49 felt for kontroll i 2023 (tabell 1). Det er Landbruksdirektoratet som trekk ut felta. Kommunen kan legge til ekstra kontrollfelt ut frå eigen risikovurdering. De finn oversikt over felt til kontroll i ØKS > Kontroll > Foryngelse. Lister med adresser ligg under ØKS > Rapportar > Kontroll > 11. Foryngelseskontroll, feltoversikt med rapportar.

Utvalet av felt til kontroll er risikobasert og består av eigedommar der det er misforhold mellom hogst av gran og påfølgande planting. Felt som skal kontrollerast er trekt ut blant skogeigedommar der det er avverka meir enn 250 m³ i 2020 og registrert færre enn 1000 planter (kjøpt/planta) dei tre fyrste åra etter hogst.



Tabell 1: Kommune og tal hogstflater trekt ut til kontroll i 2023.

Kommune	Tal flater
Eigersund	1
Stavanger	1
Haugesund	1
Sandnes	4
Lund	2
Bjerkreim	1
Hå	2
Time	2
Gjesdal	1
Strand	5
Hjelmeland	13
Suldal	5
Sauda	1
Tysvær	1
Karmøy	3
Vindafjord	6
Sum	49

Innhenting av grunndata

Me ber kommunane om å registrere grunndata for alle felt som er trekt ut. Grunndata er: *størrelsen på arealet, bonitet, hogstklasse før hogst og om feltet er under omdisponering*. Grunndata skrivast i merknadsfeltet i ØKS. I Rogaland er det ein høg del av hogstfelta som ikkje blir tilfredsstillande forynga, og me ynskjer å få inn data om kva areal dette gjeld og orsak.

Praktisk gjennomføring – trinnvis

Foryngingskontrollen gjennomførast på same måte som i 2022 etter metoden utarbeidd av Landbruksdirektoratet. Arbeidet har basis i lov og forskrift og må det vere skriftleggjort og følgje rettslege prinsipp.

Kontrollen gjennomførest i samsvar med prosessbeskrivinga for foryngingskontroll (vedlegg 1) med trinnvis oppfølging av skogeigaren:

1. Eigenmeldingskjema og varsel om kontroll
2. Oppfølging og feltkontroll
3. Tiltak ved manglande forynging

På neste side følger informasjon om trinna. Alt arbeid dokumenterast i ØKS > Kontroll > Foryngelse.

Rapportering

Frist for å rapportere er **30. november 2023**. Innan fristen må alle felt vere påbegynt og så mange som mogleg avslutta eller i prosess med oppfølging.



Trinnvis gjennomføring av kontrollen

Trinn 1 - Eigenmeldingsskjema og varsel om kontroll:

Kommunen sender eigenmeldingsskjema til skogeigar og varslar om gjennomføring av feltkontroll dersom de ikkje får tilbakemelding. Eigenmeldingsskjemaet lagast i ØKS og bør sendast ut så raskt som mogleg, og følgjast opp med purring om svar uteblir. Vedlagt brevmal for å varsle kontrollen kan nyttast (vedlegg 2).

Tilbakemelding frå skogeigar og grunndata registrerast i ØKS. Status for feltet settast til:

- OK: om det ikkje er behov for vidare oppfølging
- OK, bør følges opp: om status er uklar etter tilbakemeldinga frå skogeigar. Noter i merknadsfeltet orsaka til vidare oppfølging og korleis de skal følgje opp feltet.

Trinn 2 - Oppfølging og kontroll

Oppfølging med feltkontroll: Feltkontroll gjennomførast om skogeigar ikkje responderar på eigenmeldingsskjemaet og purrebrev, eller om de vil undersøke om forynginga er tilfredsstillande.

Feltkontrollen dokumenterast på eige skjema (vedlegg 3 og 4). Resultatet frå feltkontrollen med tilråding om kva som bør gjerast sendast skriftleg til skogeigaren. Her kan de bruke kontrollskjemaet. Resultata og grunndata leggst inn i ØKS.

Oppfølging utan feltkontroll: Om kommunen har alle nødvendige opplysningar, kan de vurdere å ikkje utføre feltkontroll. Til dømes om feltet er godkjent omdisponert til jordbruksføremål og endringane er registrert i AR5. Registrer informasjonen i ØKS, og marker feltet som avslutta.

Trinn 3 – Tiltak ved manglande forynging

Når feltkontroll visar manglande forynging: Resultata frå kontrollen og ei skriftleg tilråding om kva som må gjerast på feltet sendast til skogeigar. Sjå førre trinn. Kommunen må vurdere om det er nødvendig å gjere vedtak med pålegg om gjennomføring av tiltak heimla i skogbrukslova § 6. Frist skal setjast til maksimalt eitt år. Vedlagt brevmal kan nyttast (vedlegg 5).

Når pålegg ikkje er gjennomført innan fristen: Ny og utvida feltkontroll skal settast i verk. Den utvida kontrollen er naudsynt som dokumentasjon ved ei eventuell rettsleg overprøving. Kontrollen er utvida ved at de registrerar fleire prøveflater. Same kontrollskjema som i trinn 2 kan nyttast. Om kontrollen visar at forynginga er gjennomført avsluttast saka med ei skriftleg tilbakemelding til skogeigar med resultatet frå kontrollen.

Om utvida kontroll stadfestar at pålegg om tiltak ikkje er gjennomført, må kommunen vurdere eit nytt pålegg. Kommunen fattar då eit vedtak om å gjennomføre tiltak for skogeigar si rekning. Landbruksdirektoratet understrekar at alle brev med pålegg må følgje reglane i forvaltningslova.

Rettleiing

Landbruksdirektoratet har ein eigen rettleiar for foryngingskontrollen på deira nettside:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/forvaltning/alle-veivisere-for-skogbruk/foryngelseskontroll>



De finn også meir informasjon om registrering i «ØKS – Brukermanual versjon 7.0» (vedlegg 6).

Med helsing

Stein Bomo (e.f.)
fylkesskogmeister

Atle Aasberg Hellumbråten
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 - Kort prosessbeskrivelse
- 2 Vedlegg 2 - brevmal Kontroll og oppfølging av forynging etter hogst
- 3 Vedlegg 3 - Kontrollskjema
- 4 Vedlegg 4 - Rettleiing til kontrollskjema
- 5 Vedlegg 5 - brevmal Pålegg om tiltak etter foryngingskontroll
- 6 Vedlegg 6 - ØKS brukermanual 007

Kopi til:

Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn

Adresseliste:

Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård